



Jenter 15 gjorde ein kjempeinnsats i Norway Cup, men rauk ut i straffekonkurranse mot Drangedal.

Jenter 15 frå Uskedal/ Rosendal opna med siger 2 - 1 mot Gruben. Det var på søndag. I den sterk varmen kom det vel med at det er mange spelarar på laget, heile 21 jenter. Dermed kan ein byta ut heile laget, bortsett frå keeper. Det vart gjort før pausen.

Måndag var det like varmt. I ein jevn kamp mot Falkeid vart det eit tap 0 - 3. Tysdag kom regnet med ein temperatur under 13 grader. Då var det tilbake til vestlandsveret vi er vande med heime. J 15 møtte KFUM, laget som leia puljen. Jentene kjempa til siste slutt, men det vart tap 4 - 0.

I dag er jentene nullstillte og klare for fyrste kamp i B - sluttspillet mot Drangedal. Kampen gjekk i ettermiddag kl. 15.15. Etter 0 - 0 i ordinær tid vart det ekstraomgangar og til slutt straffekonkurranse. Laget rauk diverre ut i den 8. straffen.

Lagleiarane har bytta ut heile laget etter pause i kvar kamp. Det vert gjort for at alle skal få lik speletid i dei innleiande rundane.

Tekst/foto/. Sara Hjelmeland Arnesen
Nett/redigering: Kristian Bringedal